

## VEDTEKTER FOR FOREININGA RUBBESTADNES BEDEHUS

- § 1** Alle som soknar til Bedehuset på Rubbestadneset, og held fast på den evangelisk-lutherske kyrkja si vedkjenning, er medlemmer av foreininga.
- § 2** Føremålet er å samla folk til oppbyggelege møte på Guds ords og den evangelisk-lutherske vedkjennings grunn i Rubbestadnes bedehus.
- Like eins å samla folk til misjonsmøte og andre samkomer som fremjar arbeidet i Guds rike heime og ute.
- § 3** Kristne samfunn eller personar som står utanfor den evangelisk-lutherske vedkjenninga kan etter særskilt styrevedtak få nytta huset til einskilde møte. Det må då ikkje koma i vegen for det faste kristne arbeidet.
- § 4** Styret kan også leiga bort huset til samfunnsgagnlege føremål. Programmet for slike samkomer må ikkje vera i strid med foreininga sitt føremål.
- § 5** Styret for foreininga skal ha 5 medlemmer som skal vera vedkjennande kristne. Dei vert valde på årsmøtet. Dette vel og 2 varamedlemmer og 1 revisor. Det går ut 2 og 3 medlemmer skiftesvis annakvart år. Varamedlemmer og revisor vert valde kvart år. Styret vel leiar, nestleiar, skrivar og kasserar. Det er røysteført når minst 3 medlemmer er til stades.
- § 6** Styret si oppgåve:
1. Sjå til at huset vert brukt i samsvar med vedtektene.
  2. Ta vare på huset og syta for økonomien.
  3. Kalla inn til årsmøtet og leggja fram årsmelding og revidert rekneskap.
  4. Setja fast leiga for huset.
- § 7** Årsmøte skal haldast kvart år, innan utgangen av februar. Innkalling med sakliste skal vera offentleggjort 1 månad før møtet. Årsmøtet skal førehava:
1. Årsmelding og rekneskap.
  2. Valg av styremedlemmer og revisor.
  3. Andre saker. Forslag må vera sendt til styret skriftleg seinast 14 dagar før årsmøtet. Røysterett har alle som fyller vilkåra i § 1 og er over 18 år.
- § 8** Endringar i desse vedtektene kan berre gjerast på eit årsmøte. Alle framlegg til endringar må vera sendt skriftleg til styret minst 3 månader før årsmøtet og vera underskrivne av minst 10 røysteføre personar. Slike framlegg må styret kunngjera i god tid før årsmøtet. Framlegga må ha 2/3 fleirtal for å verta vedtekne. Første avsnitt i § 2 og første avsnitt i § 9 kan ikkje endrast.
- § 9** Det er berre årsmøtet som kan vedta at foreininga skal oppløysast. Vedtak om oppløysing må skje på to ordinære etterfylgjande årsmøte. Vedtaket er gyldig ved 2/3 fleirtal.
- Ved oppløysing av foreininga skal foreininga sine midlar/verdiar forvaltast til beste for arbeid i Rubbestadneset på evangelisk-luthersk vedkjennings grunn.

Vedteke på årsmøtet 15. februar 2017.